

## Renovest IKS innfører smitterestriksjonar i samband med utbreiing av koronaviruset (COVID-19)

For å forebyggje og avgrense smitte, verne om sårbare grupper og oppretthalde naudsynt kapasitet i avfallstenestane, innfører Renovest IKS nye smitterestriksjonar. Restriksjonane er heimla i *Smittevernloven § 4*.

Restriksjonane omfattar; stenging av avfallsmottaka, forbod mot reiser for tilsette og andre interne tiltak.

Noreg er i ein sær sars alvorleg situasjon.

Koronaviruset er ikkje farleg for dei fleste, men prioriteringa vår er å verne om sårbare grupper, samt sikre naudsyn drift av avfallstenestane våre.

Renovest tek ansvar, og del i den nasjonale dugnaden, for å hindre spreiiing av koronavirus. **Som eit resultat av dette blir dei bemanna mottaka i Brunkeberg, Åmot, Dalen og Fyresdal stengt for publikum.** Tiltaket gjeld i fyste omgang perioden mandag 16. mars - sundag 29. mars 2020.

**Ordinær hushaldsrenovasjon held fram som vanleg.**

### Korleis skal RENOVEST IKS oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar? (KS Bedrift Avfall / 12.03.20)

- Folkehelseinstituttet reknar med at svært mange nordmenn vil bli smitta av koronavirus. Sjølv om ikkje alle utviklar sjukdomen, må vi rekne med at fleire av våre tilsette kan få høgt sjukefråvær. Vi tilrår difor ein vegleiar frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB), som forklarar korleis ein kan [oppretthalde kritiske funksjonar ved høgt personellfråvær](#)
- Helsedirektoratet bestemte den 12.03.2020 at alle skular og barnehagar skal stengjast. Det er gjort unntak, slik at born av personell i kritiske samfunnsfunksjonar skal få eit tilbod, så føresette kan gjera arbeidet sitt.
- Dei 15 kritiske samfunnsfunksjonane er som fylgjer:
  - 1) Styring og kriseleiing
  - 2) Forsvar
  - 3) Lov og orden
  - 4) Helse og omsorg
  - 5) Redningsteneste (KS Bedrift Brann og redning)
  - 6) IKT-sikkerheit i sivil sektor
  - 7) **Natur og miljø (KS Bedrift Avfall)**
  - 8) Forsyningsikkerheit (Norske Hamner / KS Bedrift Energi)
  - 9) Vatn og avløp
  - 10) Finansielle tenester
  - 11) Kraftforsyning (KS Bedrift Energi)
  - 12) Elektroniske kommunikasjonstenester
  - 13) Transport (Norske Hamner)
  - 14) Satellittbasera tenestar
  - 15) Apotek

For Renovest IKS gjeld pkt. 7. ( i oppramsing over), og blir karakterisert som ein av dei 15 kritiske samfunnsfunksjonane.

## AKSJONSPLAN

Då ordinær renovasjonsteneste oppretthaldast har vi likevel frå og med mandag 16. mars 2020 valt å redusere fylgjande tilbod, dette av omsyn til våre tilsette:

1. Brunkeberg hovudmottak blir stengt for publikum
2. Satelittstasjonar (Hovdestadmoen, Vistamoen og Skårmoen) blir stengt for publikum
3. Drift av ordinær hushaldsrenovasjon oppretthaldast
4. Drift av slambehandling vurderast inntil vidare som fylgjande:
  - a. Slamrenovasjon – vurderast nærare ved sesongoppstart
  - b. Slamtransport – ekstra vernetiltak til involvera personell iverksettast
  - c. Slambehandling/kompostering – ekstra vernetiltak til involvert personell iverksettast